

## **MED VIND I SEGLA**

### **Kvalitet og kvantitet i Apostelgjerningane**

I dette gruppearbeidet skal de sjå på forholdet mellom kvalitet og kvantitet i ein del tekstar i Apostelgjerningane. Kvar gruppe tek for seg to tekstar. De vel ein leiar for gruppesamtalen. Gruppeleiar får beskjed om kva tekstar de skal jobba med.

#### **1. Apg 2,37-47**

I vers 47 b kan me lesa: ”Og Herren la dagleg til kyrkjelyden dei som let seg frelsa.”

Sjå litt på kva grep som blei gjort i tida etter pinsedag slik at kyrkjelyden kunne halda fram med å veksa.

Kva vekstkrefter finn de i teksten?

#### **2. Apg 5,12-14**

I vers 14 les me: ”Fleire og fleire trudde på Herren og vart lagde til kyrkjelyden, menn og kvinner i stor mengd.”

Finn kvalitetar ved den nye kyrkjelyden som gav kvantitativ vekst.

#### **3. Apg 6,1-7**

I vers 7 les me: ”Guds Ord hadde framgang, og talet på læresveinar i Jerusalem auka sterkt. Jamvel ein flokk av prestane vart lydige mot trua.”

Dette var utviklinga etter at læresveinane hadde løyst ei matutdelingskrise.

Kva vil de sei er ”minimumsfaktoren” her?

Kva blei gjort for å ”auka” kvaliteten?

Kva vekstkrefter finn de i teksten?

#### **4. Apg 9,31**

I slutten av vers 31 les me: ”styrkt av Den Heilage Ande auka han meir og meir.”

Finn teikn på kvalitet som gjorde at kyrkjelyden vaks etter ei tid med intens forfylgning.

#### **5. Apg 9,32-43**

Peter reiste rundt som evangelist. Både i Lod, Saron og Jaffa vendte mange om til Herren etter at Peter hadde vore der. Sjå vers 38 og 42.

Kva skjedde i forkant av omvendingane?

Kva teikn på kvalitet ser de i dette avsnittet?